



REFERAT STYRINGSGRUPPEMØTE

MAT OG OPPLEVINGAR I FJELLET

Dato: 11. mai 2021

Møtestad: Teams-møte

Tidspunkt: 13.00 - 14.45

Til stades:

Olav Røssum, Fjellnettverket

Karl- Otto Mauland, Vestfold og Telemark fylkeskommune

Nina Glomsrud Saxrud, Statsforvaltaren Oslo og Viken

Anniken Fægri Damm- Larsen, Innovasjon Noreg, Telemark og Vestfold

Nina Mosseby, Landbruks- og matdepartementet

Maren Solvang Johnsen, Søberg Gard

Kari Randen, Fjellnettverket

Elin Halland Simensen, Fjellnettverket

Forfall:

Eirik Høyme Rogn, Mountains of Norway

Kristine Bjørgum Forde, Setesdal Lefser og Brau

Referent:

Elin Halland Simensen, Fjellnettverket

SAKLISTE

A.	INNKALLING OG REFERAT	2
	<i>Sak 05/21: Innkalling og referat</i>	<i>2</i>
	<i>Sak 06/21: Godkjenning av referat</i>	<i>2</i>
B.	ORIENTERINGSSAKER	2
	<i>Sak 07/21 Status prosjekt:</i>	<i>2</i>
C.	DISKUSJONSSAKER	3
	<i>Sak 08/21: Kva skal ordninga vere i Noreg?</i>	<i>3</i>
	<i>Sak 09/21: Korleis skal vi få dette til?</i>	<i>4</i>
	<i>Sak 10/21 Kva skal serveringsordninga i fjellet kallast?</i>	<i>4</i>
	<i>Sak 11/21: Forslag til oppdragsbeskriving delprosjekt 1, fjellkraft</i>	<i>5</i>
D.	EVENTUELT	5
	<i>Sak12/21 IGW 2022</i>	<i>5</i>



A. INNKALLING OG REFERAT

SAK 05/21: INNKALLING OG REFERAT

Innkalling og sakliste vart sendt styringsgruppa på e-post.

VEDTAK SAK 05/21:

Styringsgruppa godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 06/21: GODKJENNING AV REFERAT

Referat frå styringsgruppemøtet 12.01.21 vart lagt fram for styringsgruppa.

VEDTAK SAK 06/21:

Referat frå møtet 12.01.21 godkjennast av styringsgruppa.

B. ORIENTERINGSSAKER

SAK 07/21 STATUS PROSJEKT:

Ei oppsummering av arbeidet med delprosjekta vart lagt fram i møtet.

Det vart orientert om status for dei ulike delprosjekta og finansiering.

Delprosjekt 1 Fjellkraft; handlar om meir berekraftig bruk av fjellressursane som grunnlag for utvikling i fjellområda. I tråd med prosjektplanen skal det utarbeidast ein rapport som særleg ser på matproduksjon og reiseliv i fjellområda opp mot berekraft og klima. Arbeidet med klargjering av dokument og tilbodskonkurransen for å finne eksternt kompetansmiljø til å lage samanstillingsrapport om reiseliv og matproduksjon i fjellområda, er starta opp. Innkjøpsavdelinga i Viken fylkeskommune bidreg som støttefunksjon i gjennomføringa av tilbodskonkurransen.

I delprosjekt 2 Fjellmat og fjelltur; målet for delprosjektet er å styrke konkurransekrafta til verksemdar i fjellområda gjennom innovasjon og nyskaping.

Oppstarten av delprosjektet har vore utsett i påvente av svar på søknadar om finansiering. Sidan dette har tatt tid, er arbeidet starta opp i dei områda som har innvilga finansiering



til prosjektet. Arbeidet med å kontakte verksemdene frå IGW-prosjektet med som deltakarar er i gang.

Delprosjekt 4 Fjellheim handlar om å gjere det mogeleg å tilby matsservering frå private kjøken. Det er gjort ei oppsummering av ulike heimeserveringsordninga i mellom anna Romania og Færøyane, i tillegg er det sett nærare på verksemdar og lokale prosjekt som har prøvd ut ordningar i Noreg. Som del av arbeidet er det òg sett nærare på rammevilkår og kva ei ordning kan vere i Noreg.

Økonomi og finansiering: Det er arbeid med å følgje opp styringsgruppa sitt vedtak om å sikre full finansiering av prosjektet. Det vart søkt midlar frå fylkeskommunane i Agder og Trøndelag, Landbruksdirektoratet og frå Statsforvaltarens fjellandbruksmidlar i dei fylka som har dette (Oslo og Viken, Innlandet, Vestfold og Telemark og Trøndelag). I tillegg har det vore dialog med Innovasjon Noreg om mogeleg finansiering.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Agder fylkeskommune har avslått søknaden om finansiering. Søknaden er så langt ikkje handsama av Trøndelag fylkeskommune, Statsforvaltaren i Trøndelag eller Statsforvaltaren i Oslo og Viken. Det er gjort førespurnad til Regionrådet i Setesdal om dei ynskjer å bidra med finansiering for verksemdene i Setesdal, det er fortsett uvisst kva utfallet av dette blir.

Statsforvaltaren i Innlandet har innvilga kr 50 000 i finansiering til prosjektet.

VEDTAK SAK 07/21:

Styringsgruppa tar informasjonen om status i prosjektet til orientering

C. DISKUSJONSSAKER

SAK 08/21: KVA SKAL ORDNINGA VERE I NOREG?

Delprosjekt 4 Fjellheim handlar om å gjere det mogeleg å tilby matsservering frå private kjøken.

Eit notat med informasjon og erfaringar om ordninga med matsservering heime hjå folk vart lagt fram for styringsgruppa. I notatet er det sett nærare på ulike former for matsservering frå eige kjøken i Noreg og utlandet. Det er lagt vekt på å få oversikt over rammevilkår og kva som hemmar eller fremjar ordninga. I notatet er det gjort ei oppsummering av kva ei slik ordning kan vere for fjellområda i Noreg.

Erfaringar frå liknande ordningar i andre land er at etablering i serveringsbransjen med same reglar til alle aktørar opplevast som krevjande for dei det gjeld. Dette har gjort at



land som mellom anna Romania og Færøyane har tilpassinga lovar og regelverk for å gjere det enklare for gardsbruk å starte opp med *heimsservering* frå eige kjøken.

Styringsgruppa diskuterte ulike forslag til ordning for *heimsservering* i Noreg, om denne skal halde seg innanfor gjeldande regelverk, eller om ordninga skal utfordre eksisterande rammer.

VEDTAK SAK 08/21:

Styringsgruppa ynskjer at prosjektet jobbar vidare med ei *heimsserveringsordning* som tar utgangspunkt i gardsbruk som driv med matproduksjon. Det velgjest ut nokre verksemder frå kvart fylke som deltar i ei prøveordning. Prøveordninga utviklast innanfor gjeldande regelverk.

SAK 09/21: KORLEIS SKAL VI FÅ DETTE TIL?

I prosjektplanen leggjast det opp til at det skal gjerast lovleg å tilby matsservering frå private kjøken.

Styringsgruppa diskuterte framgangsmåte for å komme vidare med ordninga.

VEDTAK SAK 09/21:

Styringsgruppa foreslår at prosjektleiinga kontaktar NOFIMA som er fagmiljø for mattryggleik for å få innspel på mogelegheitene for etablering av heimseserveringsordninga innanfor eksisterande regelverk.

SAK 10/21 KVA SKAL SERVERINGSORDNINGA I FJELLET KALLAST?

Ulike forslag til namn på ei heimsserveringsordning for fjellet vart presentert og diskutert i møtet.

VEDTAK SAK 10/21

Styringsgruppa diskuterte ulike forslag til namn på ordninga, men konkluderte ikkje. Endeleg namn på ordninga vil bli tatt opp til ny diskusjon når fleire detaljer er klare.



SAK 11/21: FORSLAG TIL OPPDRAGSBESKRIVING DELPROSJEKT 1, FJELLKRAFT

I tråd med prosjektbeskrivinga for delprosjekt 1, Fjellkraft, skal det utarbeidast eit kunnskapsgrunnlag som tar utgangspunkt i næringslivet i fjellområda og som særleg ser på matproduksjon og reiseliv i fjellområda opp mot berekraft og klima.

Arbeidet har eit budsjett på kr 700 000, og det skal lysast ut ein anbodskonkurranse for å hente inn tilbod frå aktuelle kompetansemiljø til å gjere samanstillinga av kunnskapsgrunnlaget. Innkjøpsavdelinga i Viken fylkeskommune bidreg i arbeidet med å utarbeide nødvendige dokument og gjennomføre konkurransen.

VEDTAK SAK 11/21

Styringsgruppa støttar forslaget frå prosjektleiinga og foreslår Ruralis som aktuelt kompetansemiljø, i tillegg til NIBIO og Agri Analyse.

D. EVENTUELT

SAK12/21 IGW 2022

Nina Mosseby frå Landbruks- og Matdepartementet orienterte om status for arbeidet med Internationale Grüne Woche (IGW) i 2022.

Det er gjennomført møter med dei regionale partnerskapane og på bakgrunn av desse blir det laga ei anbefaling som sendast oppover i systemet i LMD. Forslag til løysing på gjennomføring i 2022 vil bli lagt fram føre sumaren.

VEDTAK SAK 12/21

Styringsgruppa tek informasjonen om IGW 2022 til orientering.